

**Karoline måtte gje tapt i kakekrigen i kveld, men ho gjekk ut av kampen med heider og er typisk nok like blid. Utfallet stemte sogar med magekjensla hennar - det var Kjersti som vann og går vidare til finalen. Men det er all grunn til å gratulera vår representant - ho har hatt ein suveren TV-debut og dertil slege igjennom som ein utruleg flink bakar.**

Ikveld vona vi lenge at blautkaka skulle slå igjennom med sine friske nasjonalfargar og at Kjersti ikkje skulle lukkast med raudt, kvitt og brunt (!), Men så la dommarane større vekt på smak enn utsjånad og dermed gjekk det som det gjorde. Det hjalp ikkje at også kaka til Karoline var kjempegod på smak - for å sitera konditormeistaren. Men burde ikkje Kjersti visst at amerikanske blåbær ville verta brune?

TV Norge lanserte konseptet sitt som eit svar på kokkekampen i ein annan kanal og vi er av den meining at dei har lukkast bra. Opplegget er spennande og engasjerande og vil truleg inspirere mange til å bake kake. Og Karoline frå Uskedalen har lagt inn ein framifrå jobbsøknad hvis ho skulle verta lei av statsvitenskapen!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen